



## Signal frå barn og unge på mogleg manglande trivsel

I tabellane under er det eksempel på ulike signal hos barn og ungdom som kan vere teikn på at barnet lever i ein situasjon prega av utilstrekkeleg omsorg. Jo fleire signal barnet/ungdommen viser, desto meir utsett kan barnet/ungdommen vere. Lista er ikkje komplett, og det også vere andre signal som ein kan bli oppmerksom på som ikkje kjem fram.

Fagleg	<ul style="list-style-type: none"><li>• Har vansker med å konsentrere seg</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Har vansker med å lære</li></ul>
Psykisk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Utrygge og skremte</li><li>• Engstelege</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Omtalar seg sjølv eller familien på ein nedsetjande måte</li></ul>
Fysisk	<ul style="list-style-type: none"><li>• Passive og/eller anspente</li><li>• Anstrengt forhold til mat</li><li>• Fysiske plager som vondt i hovudet, magen m.m.</li><li>• Grin meir enn det som er vanleg for aldersgruppa</li><li>• Trekk seg tilbake og er stille</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Trøtt og sliten, søvnevanskar</li><li>• Skadar seg sjølv</li><li>• Har teikn på fysisk vald</li><li>• Uro i kroppen, rastlaus</li><li>• Fysiske teikn på omsorgssvikt (hygiene, søvn, klede, tannhelse)</li></ul>





Sosialt	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ofte i konflikt</li><li>• Aggressiv i konflikt</li><li>• Er mykje åleine/blir halden utanfor</li><li>• Er inneslutta og søker lite kontakt med andre barn</li><li>• Meistrer ikkje å etablere sosial kontakt med barn på same alder</li><li>• Er ekstremt på vakt i forhold til vaksne</li><li>• Søkjer ikkje kontakt med vaksne og avviser vaksenkontakt/støtte</li></ul> <ul style="list-style-type: none"><li>• Klenger seg inntil, eller tar avstand i forhold til vaksne</li><li>• Er lite nysgjerrig og viser manglande interesse for omgivnadane</li><li>• Viser stor vilje til å ta ansvar og tilpasse seg</li><li>• Snakker usant, har lett for å overdrive</li><li>• Blir i stor grad påverka av uro frå omgivnadane</li></ul>
Anna	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ofte borte frå skulen</li><li>• Held ikkje avtalar</li><li>• Viser interesse for rus og alkohol</li></ul> <ul style="list-style-type: none"><li>• Endring i åtferd</li><li>• Uheldig nettbruk</li></ul>

Dette verktøyet kan gjerne brukast saman med «observasjonskjema» når ein jobber på nivå 0 i BTI-rettleiaren, og sjåast i samanheng med andre BTI- verktøy som «Skala for uro- barn/unge» og «Skala for uro for foreldre/føresette».

